



HANDLINGSPLAN 2026

Handlingsplanen byggjer på følgande dokument:

- Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling, «Mandat og organisering»
- Strategi for nettverket 2025-2029
- Funksjon og ansvar for ressursjukepleiar og næraste leiar
- Funksjon og ansvar for ressursfysio- og ressursergoterapeutar og næraste leiar
- Nettverket sin kompetanseplan

Målsetting for nettverket

Bidra til kompetanseheving og betre samhandling på alle nivå i helse- og omsorgstjenesta, slik at kreftpasientar i alle faser av sjukdomen og pasientar med behov for lindrande behandling i alle sjukdomsgrupper, og deira pårørande, opplever tryggleik og mottar gode og heilhetlege helse- og omsorgstenester.

Nettverket skal kjenneteiknast av

Høg kompetanse, etisk bevisstheit, ein velfungerande organisasjon og godt tverrfagleg samarbeid/samhandling. Ha ein kultur for forbetring og ei open tilnærming til nye idear og løysningar.

Plan for arbeidet i 2026

Handlingsplanen er inndelt etter satsingsområda i Strategi for nettverket 2025-2029. Ressurspersonane kan saman med sin leiar utarbeida og setja i verk eigen arbeidsplan for 2026 med utgangspunkt i handlingsplanen. Skjemaet «Vegleiar for samtale rundt ressursjukepleiarfunksjonen» ligg på nettverket si nettside. Dette er utarbeida til bruk i møte mellom ressursjukepleiar og leiar. Ressursfysioterapeutar og -ergoterapeutar vert anbefalt å bruka skjemaet «Arbeidsplan for fysioterapeut og ergoterapeut i nettverket».

1. Pasient- og pårørandearbeid

Mål: Bidra til at helse- og omsorgstilbodet til pasientar og pårørande er av høg kvalitet

Delmål 1: Fremma eit bevisst forhold til etisk refleksjon i det daglege arbeid og på nettverksmøter

Aktivitet:

- Etisk refleksjon på nettverksmøter og samlingar
- «Runden rundt bordet» er viktig programpost på nettverksmøta

Delmål 2: Vidareføra arbeidet med implementering og systematisk bruk av verktøy for palliasjon

Aktivitet:

- Undervisning på introduksjonskurs og nettverksmøter
- Dela erfaringar og beste praksis på introduksjonskurs og på nettverksmøter
- Stimulera til at førehandssamtalar vert implementert og systematisert
- Auka bevisstheit om verdien av førehandssamtalar
- Minna om e-læringskurset om førehandssamtalar på nettverksmøter
- Reflektera saman på nettverksmøter over korleis førehandssamtalar kan bli implementert på eigen arbeidsstad og oppmuntra ressurspersonar til å dela sine erfaringar
- Bruka ESAS-r for palliative pasientar
- Vera med i utarbeiding av minst ein Individuell Plan innan palliasjon

Delmål 3: Det gode pasientforløp

Aktivitet:

- Tema på nettverksmøter i sjukepleienettverket
- Dela erfaringar og reflektera rundt kva som skal til for å sikra eit godt pasientforløp
- Fremma betydningen av pårørnde og pårørandearbeidet i det gode pasientforløp
- Gjennomgå aktuelle palliative verktøy, som Palliativ kartlegging- og behandlingsplan og IP til bruk i palliasjon
- Invitera ressurspersonar frå fysioterapi- og ergoterapinettverket til nettverksmøter

2. Kompetanseheving

Mål: Bidra til å styrka kompetansen i kreftomsorg og lindrande behandling.

Arbeida for at kunnskap, ferdigheiter og haldningar vert formidla vidare til kollegaer på arbeidsstaden.

Delmål 1: Auka kompetanse hjå ressurspersonane

Aktivitet:

- Nye ressurspersonar mottar velkomstbrev med aktuelle dokumenter vedlagt
- Ressurspersonar deltar på alle nettverksmøter og årleg fagdag
- Lokalt ansvarleg ressursperson inviterer kollegaer på arbeidsstaden til å delta på den faglege undervisninga på nettverksmøtet
- Ressurspersonane får undervisning ut frå nettverket sin kompetanseplan

Tema på nettverksmøta 2026:

- «Ivaretaking av hjelparen» v/ Anne Birgitte Bødtker Ruus og Sveinar Medhaug, sjukehusprestar i Helse Fonna
- Hva er tema? Undervisning ved Cecilie Lilleskare Vaglid, demenskoordinator i Tysvær kommune

- Tema på årleg fagdag: «Palliasjon til skrøpelege eldre»
- Tema på årleg fagdag for fysioterapi- og ergoterapinettverket: «Kropp i endring ved alvorleg sjukdom»
- Arrangera fagdag i grunnleggjande palliasjon hausten 2026
- Arrangera introduksjonskurs hausten 2026
- Arrangera ei større markering av Verdsdagen for lindrande behandling hausten 2026
- Stimulera ressurspersonane til å delta på aktuelle kurs og konferansar
- Hospitering:
 - Informera om hospiteringsordninga i Helse Fonna
 - Oppmuntra begge nettverka til hospitering
- Informera om relevante publikasjonar og forskningsresultat via nettsider, på nettverkssamlingar og i nyheitsbrev

Nettverksmøter våren 2026:

Nettverk Indre Haugalandet	12. mai, Sauda
Nettverk Hardanger	14. april, Jondal
Nettverk Sunnhordland	19. mai, Tysnes
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	26. mai, Avaldsnes
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	5. mai, Bokn
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	21. april, Sentrum Behandlingscenter (SBS) Haugesund

Nettverksmøter hausten 2026:

Nettverk Indre Haugalandet	27. oktober, Suldal
Nettverk Hardanger	29. september, Kinsarvik
Nettverk Sunnhordland	3. november, Fitjar
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	17. november, Haugesund sjukehus
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	20. oktober, Haugesund sjukehus
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	13. oktober, Skudenes

Planlagte møter i driftsgruppa i sjukepleienettverket i 2026:

- 3. februar på HVL
- 28. april på Odda sjukehus
- 15. september på Stord sjukehus
- 10. november på Haugesund sjukehus

Delmål 2: Ressurspersonar vidareformidlar kunnskap på sin arbeidsstad etter nettverksmøter og årleg fagdag

Aktivitet:

- Informera og dela kunnskap med kollegaer etter nettverksmøter
- Informera og dela kunnskap med kollegaer etter årleg fagdag
- Informera og dela kunnskap med kollegaer etter fagdag i grunnleggande palliasjon
- Informera og dela kunnskap med kollegaer etter årleg fagdag i fysioterapi- og ergoterapinettverket (gjeld fysioterapi- og ergoterapinettverket)
- Leggja til rette for at ressurspersonane deler kunnskaper frå møter / samlingar m.a. ved å reflektera saman på nettverksmøter over spørsmålet «Kva har eg lært i dag som eg kan ta tilbake til min arbeidsstad?» Ressurspersonane fortel frå sitt arbeid. Ved å dela erfaringar og utfordringar kan me læra av kvarandre.
- Motivera ressurspersonane til kunnskapsdeling på sin arbeidsstad ved å ta i bruk nettverket sine undervisningspakkar

Delmål 3: Ressurspersonar bidreg til fagleg utviklingsarbeid

Aktivitet:

- Informera om prosjektmidlar frå Helsedirektoratet og oppmuntra til å søkja
- Invitera ressurspersonar til å dela av sine erfaringar med prosjekt på årleg fagdag og på nettverksmøter

3. Forankring hjå leiar

Mål: Vera forankra hjå leiar på alle nivå. Leiar og ressursperson er gjensidig forplikta på nettverksarbeid

Delmål 1: Leiarar på alle nivå er kjent med arbeidet i nettverket

Aktivitet:

- Årsrapport 2025 og handlingsplan 2026 vert sendt til ressurspersonane sine leiarar
- Alle ressurspersonar sine leiarar vert invitert til introduksjonskurs for nye i nettverket og til felles årleg fagdag
- Alle ressurspersonar sine leiarar får tilsendt referat frå nettverksmøter og nyheitsbrev frå nettverket

Delmål 2: Alle ressurspersonane har årlig møte med sin leiar med gjennomgang av ressurspersonen sin arbeidsplan

Aktivitet:

- Ressursperson og leiar har felles ansvar for å ta initiativ til årleg samtale om funksjonen

- Stimulera til bruk av «Vegleiar for samtale rundt ressursjukepleiarfunksjonen saman med leiar»
- Ressursfysioterapeutar og -ergoterapeutar vert anbefalt å bruka dokumentet «Arbeidsplan for fysioterapeut og ergoterapeut i nettverket»
- Dela erfaringar på nettverksmøter korleis ein får til dette på den enkelte sin arbeidsstad

4. Synleggjering og samarbeid

Mål: Nettverket er kjent blant helsepersonell, pasientar og pårørande, og skal sikra/bidra til samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar

Delmål 1: Auka bevisstheit blant helsepersonell om nytteverdien av nettverket og rolla til ressurspersonane

Aktivitet:

- Dela gode erfaringar frå tverrfagleg samarbeid på nettverksmøter og årleg fagdag
- Ressurspersonane i nettverket har ei nål til å ha på uniformen for å synleggjera funksjonen
- Leiarane har eit spesielt ansvar for å informera om nettverket i eigen organisasjon
- Nettverket i Helse Fonna har si eiga nettside på KLB si heimeside

Delmål 2: Auka tverrfagleg samarbeid og samhandling mellom ulike nivå

Aktivitet:

- Dela gode erfaringar frå tverrfagleg samarbeid på nettverksmøter og årleg fagdag
- Dela erfaringar på nettverksmøter og reflektera over kva som kan vera utfordrande med samhandling
- Stimulera til auka samhandling med andre aktuelle tenester, som for eksempel forvaltning, bestillarkontor, NAV, fastlege osv
- Vera ein pådrivar for samhandling mellom ressurspersonar og brukar- og pårørandeorganisasjonar

Delmål 3: Oppretthalda kunnskap om og engasjement rundt «Pakkeforløp hjem» for pasientar med kreft

Aktivitet:

- Fortsetja med fokus på «Pakkeforløp hjem» på nettverksmøter
- Oppmuntra ressurspersonar til å dela erfaringar knytta til «Pakkeforløp hjem» på nettverksmøter

5. Organisering og drift av nettverket

Mål: Vera eit velfungerande og fullt utbygd nettverk

Delmål 1: Gjennomføra faste oppgåver for god drift av nettverket

Aktivitet:

- Arrangera to lokale nettverksmøter i alle 6 sjukepleienettverka
- Lokalt ansvarleg ressursperson skriv referat og sender til KLB-tilsette
- Frammøte og fråver på lokalgruppesamlingane vert registrert. Årsak til ikkje varsle fråver vert etterspurt ved fråver på to eller fleire nettverksmøter.
- Arrangera eigen årleg fagdag i fysioterapi- og ergoterapinettverket
- Arrangera felles årleg fagdag, introduksjonskurs og fagdag i grunnleggjande palliasjon
- Senda ut felles nyheitsbrev vår og haust, årsrapport 2025 og handlingsplan 2026
- Senda ut årshjul for 2026 til ressurspersonane i sjukepleienettverket
- Kontinuerleg arbeida for rekruttering av ressurspersonar og erstatning for ressurspersonar som sluttar
- Erfaringsutveksling om rolla som ressursperson på nettverksmøter
- Førebu og delta på møter i driftsgruppene og styringsgruppa
- Gjennomføra og følgja opp årleg rapportering frå ressurspersonane og næraste leiar
- Ressurspersonane og leiarane svarar på årleg rapportering
- Kontinuerleg oppdatera pallnet.no
- Delta på møter med driftsgruppeleiarar i nettverk i de tre andre foretaka i Helseregion Vest

Delmål 2: Forbedra og revidera eksisterande evalueringsordning**Aktivitet:**

- Tema på møte for driftsgruppeleiarar i Helseregion Vest
- Revidera innhald i årleg rapportering

Delmål 3: Auka andel ressurspersonar som svarar på årleg rapportering**Aktivitet:**

- Tydeleg informasjon på nettverksmøter og samlingar at det er viktig og av stor betydning å svara på årleg rapportering